

# Sluttrapport Sunnfjordbyen 2

30.09.2018

Denne sluttrapporten oppsummerer arbeidet i prosjektet Sunnfjordbyen 2 som har pågått i perioden haust 2015 til sommar 2018. Prosjektet har bestått av 5 delprosjekt: Tillitsprosjektet, Rural Turisme, Strategisk næringsplan, Tettstadutvikling og Internasjonalisering,

Sluttrapporten inneheld følgande punkt – etter oppsett frå KMD:

1. *En omtale av hva som er gjennomført av større arbeider i prosjektperioden, det vil si fra tilskuddet ble tildelt andre halvdel av 2015, til og med (våren) 2018.*
2. *En vurdering av resultatene av arbeidet i prosjektet og om målet er nådd, og av forventede effekter av arbeidet på lengre sikt. Vurderingen skal forholde seg til prosjektets egne formuleringer av mål, forventede resultater og effekter og indikatorer for disse. I den sammenhengen viser vi til brev av 19.10.2016 der departementet bad om en eventuelt justering av målet, og beskrivelse av forventede resultater og effekter. Det skal legges ved en enkelt dokumentasjon.*
3. *En vurdering av nytten av å delta i Byregionprogrammet.*
4. *Revidert regnskap for hele prosjektperioden.*

## 1. Omtale av kva som er gjennomført av større Arbeid i Prosjektperioden.

### Tillitsprosjektet

#### Prosjektbeskriving:

I Tillitsprosjektet der TM og 9 andre regioner / kommunar i Sverige, Danmark og Norge, deltok har formålet vert å finne ut om det er nokon samanheng mellom tillit og regional vekst. Ein del av dette var å finne ein egna måte å kartlegge tillit på regionnivå på. Tillitskart er utarbeidd på grunnlag av ei omfattande spørjeundersøkinga retta mot politikarar, kommunalt tilsette og næringsliv i 10 regioner i Danmark, Sverige og Norge våren og sommaren 2016.

Tillit blir betrakta som ein av suksessfaktorane for den skandinaviske modellen, og ein av dei viktigaste forklaringsfaktorane for den høge levestandarden vi har. I næringslivet er det dokumentert en klar samanheng mellom tillit og vekst, det same i nettverk og klynger. Det blir antatt at tillit også er avgjerande for regional vekst, og i prosjektet har ein utvikla og testa ein metode for å finne ut om det er nokon samanheng mellom stadar som er kjennetegna av høg tillit og den stadlege attraktiviteten (regional vekst).

For å kunne undersøke om det er nokon samanheng mellom tillit på stadsnivå og regional vekst, og i tilfelle korleis ulike dimensjoner av tillit påverkar veksten må ein finne eigna indikatorar for slik tillit, og også sette desse inn i ein samanheng med modeller for regional vekst. Prosjektet har arbeidd med å finne slike egna indikatorer. Tillit på stedsnivå har innvirkning på regional vekst på to prinsipielt ulike måtar: i) tillit kan virke direkte ved at for eksempel høg grad av tillit (mellom personer, eller ulike grupper og interessenter) på et sted gjør at stedet framstår som mer attraktivt, får et bedre

omdømme og derigjennom bedre vekst, eller ii) tillit kan virke indirekte ved at høg grad av tillit styrker samhandlingen mellom ulike grupper og interessenter og derigjennom gjør at andre tiltak som settes i verk, for eksempel utvikling av arealer og bygninger for boligformål, næringsvirksomhet og reiseliv eller utvikling av ameniteter (goder), virker mer effektivt.

Telemarksforskning har i mange år forsket på regional vekst. Vi studerer hvorfor noen steder har vekst, og andre ikke, og hva som eventuelt kan forklare slike skilnader. Er det berre utanforliggende årsaker (eksogene effekter), eller er det noe stedene selv kan påvirke og gjøre noe med (endogene effekter)? Tillit vil være en endogen faktor.

### **Resultat:**

Sunnfjord Utvikling har delteke på 6 samlingar saman med TM og 9 andre regionar. Tillitskart for Sunnfjord er utarbeidd. I tillitskartet har ein lagt til grunn 6 dimensjoner av tillit på stadsnivå: Stedlig stoltheit, delingskultur, verdifelleskap, forutsigbarhet, anerkjennelse og nysgjerrighet.

Tillitsprosjektet har gjennom kvantitative og kvalitative analyser sett på kva som skaper tillit mellom privat sektor, politikarar og administrasjonen i kommunen.

Gjennom arbeidet med prosjektet har både politikarar, representantar frå næringslivet, og administrasjonen vore involvert og fått innsikt og kunnskap om kva som påverkar tillit.

### **Vegen vidare:**

Prosjektet er avslutta og vil ikkje bli vidareført. Resultata og funna frå prosjektet vil leve vidare og nytta bevisst i arbeidet til både politikarar, administrasjonen og næringsapparatet for å auke attraktiviteten til Sunnfjord som bu og arbeidsområde.

## **Rural Turisme**

### **Prosjektbeskriving:**

Prosjektet har arbeidd med produktutvikling innanfor sykling og vinterturisme i Sunnfjord. Aktuelle områder for etablering av sykkelanlegg og sykkelstiar er identifisert. I neste fase vil ein sjå på finansiering av anlegg og bygging av desse.

Prosjektet har også sett på korleis ein kan ta produkta ut og marknadsføre og selje Sunnfjord som arena for aktivitetsbasert turisme innanfor ski og vinterturisme og sykkel. Presse og visningsturar er gjennomført for både vinterturisme og sykling.

Prosjektet har arbeidd med nettverksbygging både lokalt, nasjonalt og internasjonalt for å styrke forståelsen og gjennomføringa av arbeidet med sal og marknadsføring.

### **Resultat:**

- Mulighetsstudie for stisykling i Sunnfjord er levert av Rekkje stiutvikling. Synfaring på aktuelle lokasjonar for sykkelstiar og sykkelanlegg er gjennomført i forbindelse med
- 2 Presse og visningsturar er gjennomført retta mot ski og vinterturisme.

- 1 Presse og visningstur er gjennomført innanfor området sykling.
- Materiale for marknadsføring av Sunnfjord som arena for ski og vinterturisme er utarbeidd.
- Samling for reiselivet i Sunnfjord gjennomført januar 2017 for å få innspel til reislivsarbeidet i Sunnfjordbyen.
- Nettverk innanfor reiselivet lokalt er styrka. Forståelsen for produktutvikling og sal og marknadsføring er auka. Nettverk opp mot nasjonale og internasjonale aktørar er etablert.

#### **Vegen vidare:**

- Arbeidet med produktutvikling innan sykling vil halde fram.
- Arbeidet med produktutvikling innan ski og vinterturisme vil halde fram.
- Arbeidet med etablering av stiar og anlegg for sykling i Sunnfjord vil halde fram. Aktuelle områder for bygging er identifisert. Arbeidet med å skaffe finansiering til bygging pågår.
- Marknadsføring og sal innanfor området sykling gjennom press og visningsturar vil bli vidareført.
- Marknadsføring og sal innanfor området ski og vinterturisme gjennom press og visningsturar vil bli vidareført.

## **Strategisk Næringsplan**

#### **Prosjektbeskriving:**

Det er laga ein ny Strategisk Næringsplan for dei fire kommunane som vert nye Sunnfjord kommune, Førde, Gaular, Jølster og Naustdal. Planen gjeld for perioden 2018-2021. Arbeidet er gjennomført som ein grundig prosess med kartlegging, analysar og intervju. Samt med ei god forankring politisk, administrativt og i næringslivet.

Som ein del av kartlegginga er det utarbeidd ei utviklingsanalyse av samfunnet og næringslivet i Sunnfjord frå 2008 og fram til 2017. Det er gjennomført arbeidsmøter med politikarane (kommunestyra) og det er gjennomført over 30 intervju med leiarar frå næringslivet, utdanningsinstitusjonane og offentlege verksemder. Målet med intervjua var å kartlegge dei ulike bransjane sine vekstpotensial, utfordringar samt få innspel til satsingsområder i ny plan. I tillegg til

intervju er det nytta eit utval av rapportar og analysar. Prosessen er nærare beskrive i tidslinje under.



### Resultat:

Arbeidet har tilført oss mykje kunnskap om samfunnet og næringslivet, nasjonalt, regionalt og lokalt, som er avgjerande for å kunne yte gode tenester. Vi har opparbeidd oss eit nettverk og gode relasjonar gjennom å intervjuje eit breitt utval frå næringslivet. Og Sunnfjord Utvikling og tenestene vi tilbyr har gjennom prosessen vorte meir synleg og kjent.

### Vegen vidare:

Ny Strategisk Næringsplan skal til behandling og godkjenning hausten 2018. Som vedlegg til planen ligg ein handlingsplan som beskriv kva tiltak som skal jobbast med i perioden for å nå måla. Fleire av tiltaka er påstarta og jobba med parallelt med ferdigstilling av ny plan.

## Tettstadutviklingsprosjektet

### Prosjektbeskriving:

Utviklinga i samfunnet og ny kommunestruktur medfører at Sunnfjord er i endring og gamle kommunesenter og tettstadar vil få nye roller og funksjonar. Målet med prosjektet har vore å utforme strategiar/tiltak for kvar av tettstadane slik at tettstadane bidreg til at regionen blir ein meir attraktiv bu- og arbeidsregion. Arbeidet har også gjeve innspel til Fellesnemnda sitt arbeid.

Det har vore viktig å involvere innbyggjarane i tettstadane for å få eit best mogleg bilete av no situasjonen, trendar og framtidsplanar. Tettstadane som har vore med i prosjektet er Skei, Vassenden, Sande, Bygstad og Naustdal. Prosjektet starta i september 2017 og vart presentert og overlevert Fellesnemnda for vidare behandling i mars 2018.

<b>Kartlegging og analyse</b> <i>September og november 2017</i>	<b>Folkemøte i tettstadane</b> <i>Januar og februar 2018</i>	<b>Utviklingsplan for kvar tettstad</b>	<b>Gjennomføre planar og tiltak</b> <i>Mars 2018 →</i>
<p>Kartlegge strukturelle tilhøve og bustadattraktivitet både i regionen og for kvar tettstad</p> <p>Kartlegginga vil skje ved:</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>Gjennomgang skriftlege kjelder (planar, statistikk m.m.)</li> <li>Intervju med gruppe personar frå kvar tettstad</li> </ol> <p>Analysar av funn frå kartlegginga:</p> <p>Kva er sterke sider og kva er utfordringane til tettstaden</p>	<p>Kartlegging og analyse vert presentert</p> <p>Diskusjon:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>Sterke- og svake sider</li> <li>Tiltak for å bli betre</li> <li>Forankring og organisering, korleis sikre lokal medverknad og innsats</li> </ul>	<p>Basert på kartlegging, analyse og folkemøte utforme utviklingsplan for kvar tettstad.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>Vurdere organisering og ansvar i utviklingsarbeidet</li> <li>Handlingsorientert enkel tiltaksplan</li> </ul>	<p>Lokal gjennomføring med støtte frå SU og kommunen.</p> <p>Nytte kommunevise fond til å finansiere tiltak?</p>

### Resultat:

- Tettstadutviklingsprosjektet har gitt mange gode innspel til utviklingstiltak
- Gode folkemøte med mange konstruktive forslag til tiltak og korleis arbeide kan vidareførast. Veldig godt oppmøte (600 – 700 deltakarar samla sett)
- Positivt at kommunen har vore representert og orientert om arbeidet med den nye kommunen
- Prosjektet har fått mykje positiv mediaomtale, som har bidrege til god deltaking på folkemøta, samt at andre regionar har fatta interesse for å køyre tilsvarande prosjekt i sine regionar
- Presentasjon av prosjektet på nasjonale konferansar
- Skapt positivitet og eit stort engasjement for utvikling på tettstadane

### Vegen vidare:

- Neste fase vil vere å utarbeide ein utviklingsplan for kvar tettstad og gjennomføre tiltaka, herunder ta stilling til:
  - o Korleis organisere tettstadutviklinga?
  - o Korleis finansiere det lokale utviklingsarbeidet på kvar tettstad?
  - o Kva med Førde som den største tettstaden / byen i den nye kommunen?
- Fellesnemnda har bedt politisk prosjektgruppe for lokaldemokrati kome med forslag til korleis prosjektet skal førast vidare, med utgangspunkt i sluttrapporten frå Sunnfjord Utvikling. Dei skal legge fram sitt forslag til Fellesnemnda i september 2018.

## Internasjonalisering

### Prosjektbeskriving:

Prosjektet har sett på korleis den nye kommunen i Sunnfjord kan strukturere, styrke og tydeleggjere det internasjonalt retta arbeidet i Sunnfjord med det formål å hente ut effektar opp mot næringslivet, offentleg sektor og frivillig sektor.

Fire kommunar i Sunnfjord er innmeldt i Vest-Norges Brussel-kontor, og eit tett samarbeid med Vest-Norsk Brussel-kontor er innleia.

Ulike finansieringskjelder og moglege samarbeidsprosjekt innanfor EU/EØS-systemet er kartlagt. Prosjektet har også hatt som formåle å bidra til auka informasjonstilgangen om EØS-avtalen og auka kunnskapsnivået hos politikarar og administrasjonen om EØS-avtalen og konsekvensar og muligheiter innanfor denne.

Prosjektet har også arbeidd med å etablere nettverk både nasjonalt og internasjonalt for å kunne både gi og ta imot impulsar utanfrå og skaffe samarbeidspartnarar i det langsiktige arbeidet med internasjonalisering.

#### **Resultat:**

- Gjennomført Studietur til Vest-Norges Brusselkontor i Brussel.
- Fire Kommunar i Sunnfjord innmeldt i Vest-Norges Brusselkontor.
- Etablert kontakt med miljø i Sogn og Fjordane og Hordaland som jobbar strategisk og målretta med internasjonalisering.

#### **Vegen vidare:**

- Utarbeide internasjonal strategi for Sunnfjord med tilhøyrande tiltaksplan.
- Starte arbeidet med utveksling for ungdom, studentar og bedrifter innan reiseliv/turisme.
- Fortsette nettverksarbeidet både nasjonalt og internasjonalt.
- Delta under "European Week of Region and Cities" hausten 2018.

## **2. Vurdering av resultatene av arbeidet i prosjektet og om målet er nådd, og av forventede effekter av arbeidet på lengre sikt.**

Tillitsprosjektet – Gjennomført. Mål oppnådd. Prosjektet vil ikkje bli vidareført, men resultat og funna frå prosjektet vil leve vidare og nytta bevisst i arbeidet til både politikarar, administrasjonen og næringsapparatet for å auke attraktiviteten til Sunnfjord som bu og arbeidsområde.

Konklusjon: Mål oppnådd. Prosjektet blir ikkje vidareført.

Rural Turisme – Gjennomført. Mål oppnådd. Prosjektet vil bli vidareført i form av aktivitetar retta mot å vidareutvikle Sunnfjord som sykkeldestinasjon og vinterdestinasjon. Det vert arbeida målretta med å etablere sykkelruter og sykkelanlegg i alle dei involverte kommunane. I tillegg er det sett i verk tiltak for å marknadsføre regionen som sykkeldestinasjon. Dette arbeidet vil bli vidareført.

Vinterturisme satsinga vil halde fram med tiltak retta mot infrastruktur og informasjon samt produktutvikling og marknadsføring og sal.

Konklusjon: Mål for prosjektet oppnådd. For å skape fleire positive effektar av arbeidet som er gjennomført i prosjektperioden vil arbeidet bli vidareført dels som driftsoppgåve hos destinasjonsselskapet (Markedsføring) og dels som prosjekt hos næringsapparatet (Infrastruktur) til kommunane.

Strategisk Næringsplan – Gjennomført. Mål oppnådd. Planen skal når den er politisk godkjent og forankra være arbeidsverktøy for kommuneadministrasjonen og næringsapparatet. Tiltaka i planen vil bli fulgt opp og planen vil være eit aktivt arbeidsverktøy for fleire

Konklusjon: Mål for prosjektet oppnådd. Arbeidet vil bli videreført.

Tettstadutviklingsprosjektet – Gjennomført. Mål oppnådd. Neste fase vil vere å utarbeide ein utviklingsplan for kvar tettstad og gjennomføre tiltaka.

Konklusjon: Mål for prosjektet oppnådd. Arbeidet vil bli videreført.

Internasjonalisering – Gjennomført. Mål oppnådd. Prosjektet blir videreført gjennom ein eigen internasjonal strategi og tilhøyrande tiltak.

Konklusjon: Mål for prosjektet oppnådd. Arbeidet vil bli videreført.

### **3. En vurdering av nytten av å delta i Byregionprogrammet.**

Nytten av å delta i Byregionprogrammet har vore stor. Det har gitt kommunane nødvendige ressursar til å drive strategisk retta utviklingsarbeid. Innhentinga av kunnskap som prosjektet har gjennomført i delprosjekta Tillitsprosjektet, Rural Turisme, Strategisk Næringsplan og Tettstadutvikling har gitt nyttig kunnskap og innsikt om den faktiske utviklinga i Sunnfjord og vil danne grunnlag for retninga til mange utviklingstiltak i Sunnfjord i åra framover.

Prosjektet har også gitt eit nyttig nasjonalt og nordisk nettverk både gjennom Tillitsprosjektet men kanskje særleg gjennom samlingane i Byregionprogrammet. Det er svært nyttig å få impulsar frå andre regionar og personar som jobbar med strategisk utvikling i områder som har eit tilsvarande utfordringsbilde. Kunnskapsoverføringa ein har fått gjennom Byregionprogrammet har vore stor og nettverket som har blitt etablert vil være nyttig i lang tid framover.

Utfordringa framover blir å finansiere det vidare arbeidet slik at ein kan ta ut større effektar både ved å vidareføre prosjekta og tiltaka som er gjennomført og identifisert gjennom Sunnfjordbyen 2.

### **4. Revidert regnskap for hele prosjektperioden.**

Vedlagt følgjer endeleg prosjektregnskap samt revisjonsrapport frå Kryss Revisjon. Prosjektregnskapet viser eit totalt forbruk på i overkant av 6 mill. kr.